

Rapport: Folkedansespor i skular i Sogn og Fjordane

Uttlysning:	Store dansespor 2023, (Søknadsid 25574), med framhald i 2024.	
Søker:	Sogn og Fjordane Folkemusikklag	
Prosjektperiode:	01.09.2023 - 15.12.2023, med framhald i 2024	
Type tiltak:	Undervisning for elevar i grunnskular og vgs.	
Tiltaket føregår i:	Vestland fylke, region Sogn og Fjordane.	
Samla tilskot:	Senter for folkemusikk og folkedans	kr 200 000
	Vestland fylkeskommune	kr 100 000
Tilskot i 2024:	Vestland fylkeskommune. 3 årig KUP-midlar	kr 400 000
	Dextra Musika	kr 110 000

GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET

Forprosjekt i Sunnfjord:

Hausten -22 og våren -23 etablerte Sunnfjord kulturråd v/ styremedlemmane Kirsten Johanne Friis og Leon Årdal prosjektet Folkedans i Sunnfjordskulen med 1 time pr. klasse (totalt 7 klassar) i 6 veker for elevar på Vassenden skule, Naustdal skule, Flatene skule og Viksdalen skule.

Sunnfjord kulturskule v/ Ole Nilssen og Ingrid Skei Stuhaug spelte trekkspel og fele til.

Sogn og Fjordane folkemusikklag gjennomførde også 1 times prøveprosjekt på Eid ungdomskule og eit par skular i Sunnfjord der nemnde distriktsmusikarar i Sunnfjord kulturskule var aktørar.

Styremedlem Kirsten Johanne Friis deltok på ildsjelsamlingar « Store dansespor» på Norsk Senter for folkemusikk og folkedans på NTNU: 4.-5. nov -22, 13.-15. mars -23, 01. – 03. mars -24.

Ut frå positive tilbakemeldingar på nemnde førprosjekt og inspirasjon frå deltaking på «Store dansespor», etablerte så **styret i Sogn og Fjordane folkemusikklag** prosjektet :

«Folkedansespor i skular i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord».

Dette rekrutteringsprosjektet vil vi skal føre til auka deltaking i folkedansmiljø i lag, organisasjonar , etablerte aktivitetar og nyskaping i heile Sogn og Fjordane.

Styret frå høgre: Judith Vestreim, Magnus Skjerdal, Leiar SFF Aud Sissel Orheim, Berner Midthjell, prosjektleiar Kirsten Johanne Friis, dagleg leiar SFF Nikolai Storevik.

Prosjektet går ut på å gje born og unge i skular i Sogn og Fjordane kjennskap til dei eldste folkedanstradisjonane som t.d. springar og halling, samt rundansar som polka, vals og reinlendar osv. gjennom undervisning i skular.



Vi engasjerer lokale danseinstruktører i form av dyktige pedagogar, aktive utøvarar / radisjonsbærarar, samt folkemusikarar og distriktsmusikarar tilslutta kulturskulen til å spele til.

SOGN

Eldbjørg og Arne Fossøy underviser i polka i 08.klasse på Luster ungdomsskule.

Dei er medinstruktører saman med Øygon og Johannes Kjos.

Dei har fokus på runddans på 08. klassesteget.

I 2024 har dei oppfølging på dei same elevane, no 09. klassar, samt ny 8.klasse.

Totalt 4 klassar, ca 80 elevar både i -23 og -24.

Helene Myklemyr Bolstad spelar til.



NORDFJORD

Asbjørg Hustveit Sølberg i kjend undervisningsposisjon i 08. klassar på Vågsøy , Olden og Stryn ungdomsskular

Totalt 7 klassar, ca 150 elevar

I 2024 underviste dei 10. klassane på Stryn skule, samt Firda vgs i 2024.

Totalt 10 klassar, ca 190 elevar.

Arne M. Sølberg både spelar og dansar.

Dei har undervist både i bygdedans og runddans på nemnde skular samt Nordfjord folkehøgskule og sommarspringarkurs i Hyen.



SUNNFJORD

Instruktørane Kirsten Johanne Friis og Leon Årdal har fokus på bygdedans med innslag av runddans på desse skulane:

Vassenden skule: 08 kl haust -23 (2), Halbrend skule: 07 kl haust-23 (3), Førde ungdomsskule: 08 kl haust -23 (4)

Totalt ca 180 elevar

Skei skule: 05,06 kl vår-24 (1),06 ,07 kl haust -24 (1)

Førde barneskule: 05 kl haust -24 (2)

Sunde skule: 05,06,07 kl haust -24 (3)

Totalt ca 140 elevar



Spelefolk: Ole Nilssen, Ingrid Schei Stuhaug, Britt Pernille Frøholm, Sigmund Eikås

Total sett i 2023 og 2024 fekk ca 820 elevar oppleve folkemusikk og folkedans i form av dei eldste danseformene som springar og parhalling samt lettisk polka, runddans, reinlendar, marsj. allemannsmarsj,

Det har vore undervist i laushalling, springar (gammalt), gig, cowboyril, langedans, parisar og gjeve ein smak på songdans ved å danse Pjokkum og Kråkevisa.

I **2023** gjennomførde vi prosjektet i kvart område med 1 time pr veke pr klasse i 6-7 veker.

I **Sogn** underviste dei 4 klassar i 7 veker, totalt ca 80 elevar med hovudvekt på runddans.

Dei valde å bruke 4 danseinstruktørar og ein speleperson.

I **Nordfjord** underviste dei totalt 10 klassar, totalt ca 150 elevar.

Arne M. Sølvberg både spelar og dansar.

I **Sunnfjord** underviste dei 9 klassar, totalt ca 180 elevar.

Spelefolk: Ole Nilssen, Ingrid Schei Stuhaug og folkemusikar Sigmund Eikås spelte.

Totalt i 2023 fekk ca 410 elevar innføring i folkedansen.

I **2024** gjennomførde vi følgjande program i same områda:

I **Sogn** underviste dei 4 klassar, totalt ca 80 elevar med bruk av 4 danseinstruktørar.

Helene Myklemyr Bolstad spelte.

I **Nordfjord** underviste dei 10. klassane på Stryn skule, samt Firda vgs.

Totalt 10 klassar, ca 190 elevar.

Dei underviste også elevar på Nordfjord folkehøgskule og hadde sommarspringarkurs i Hyen for meir eldre aldersblanda grupper.

Arne M. Sølvberg både spelar og dansar.

I **Sunnfjord** blei det undervist på:

Skei skule: 05,06 kl, vår-24 , 20 elevar, 06 ,07 kl haust -24, 20 elevar

Førde barneskule: 05 kl haust -24, 2 klassar, 40 elevar

Sunde skule: 05,06,07 kl haust -24 , 3 klassar, 60 elevar

Totalt ca 140 elevar

Spelefolk: Britt Pernille Frøholm, Sigmund Eikås

På fleire av skulane har lærarane delteke aktivt i dansen.

Samlingar og arrangement: **Folkedansesporelevane har vore deltakarar mm på:**

BORNAS VERDSDAG

Ein laurdag i november kvart år arrangerer Førde internasjonale folkemusikkfestival Bornas verdsdag i Førdehuset. Denne dagen inviterer dei alle til ein aktivitetsdag med aktivitetstilbod innan folkedans, -song og –musikk frå ulike kulturar, kunstmaling, mattradisjonar mm. Folkedansesporprosjektet har delteke fleire gonger der elevar frå skulane vi har dansa med har fått vist fram dansekunnskapen sin på «verdsscena» i Førdehuset.



KULTURNATT I FØRDE

Kulturnatt i Førde er eit årleg arrangement i juni i regi av Sunnfjord kommune og Sunnfjord kulturskule. Her deltek eit vell av lag og organisasjonar på tvers av kulturlivet i Førde og bygdene rundt der alle lag og organisasjonar fyller alle kulturarenaer med sine kulturaktivitetar.

Folkedansesporelevar har vore med i to år både med eigne danseframсыningar men også delteke i fri folkedans saman med vaksne utover kvelden.

FORELDRE- OG ELEVVELD

Etter danseundervisninga på dagtid for 8. klassane på Førde ungdomsskule blei vi ein del av programmet på elev- og foreldrekveld. Elevane valde sjølv å danse springar og parhalling.

På Luster ungdomsskule var dei inviterte til foreldrekveld der elevane fekk visa litt dans, etter det hadde dei litt undervisning med foreldra der kvar elev dansa med dei.

OPNINGSKONSERTEN PÅ VESTLANDSKAPPLEIKEN 2024

Vestlandskappleiken vart i år arrangert som hotellkappleik på Skei hotell i Jølster med Sogn og Fjordane folkemusikklag som kappleiksarrangør.

Folkedansesporprosjektet inviterte difor med danseelevar frå Skei skule og Viksdalen skule/Gaular seplmannslag, samt Sunnfjord juniorspelmannslag frå Sunnfjord kulturskule.

Dei underheldt med marsj, parhalling, halling, Viksdals- og Jølstraspringarar, allemannsmarsj, polka.

Dei vaksne medspelarane og –dansarane var: Mari Andrea Ness, Atle Hoff, Tonje Vigdal, Bjørn Eivind Årdal, Leon Årdal, Kirsten Johanne Friis, Britt Pernille Frøholm og Ole Nilssen.

DET LANGSIKTIGE PERSPEKTIVET FOR PROSJEKTET

- korleis er prosjektet bærekraftig i fylket/regionen, og kvar skal rekrutterte elevar halde fram og lære meir ?
- samarbeid med lokale danse- og/eller spelemannslag, andre.

Som det går fram av framstillinga, har prosjektet halde fram med same intensitet med prosjektmidlar frå Dextra Musika og Vestland fylkeskommune i 2024 og vil halde fram i 2025.

Vi har oppfølging på skular, innlemmar nye skular og planar for meir inngåande samarbeid med lokallaga våre.

Nordfjord har alt eit etablert lite danse miljø, drive av ekteparet Sølvberg. Dei jobbar for å kunne rekruttere til Dansegruppa i Fjelli ungdomslag og samarbeider godt med Spelemannslaget Fjelljom der dei er særst aktive. Dei vil også samarbeide med andre spelmannslag i Gloppen.

Arne Sølvberg skriv i 2024 Folkedansespor-rapporten sin:

«Vi har hatt ein bra aktiv haust med dans (og spel) på Stryn ungdomsskule og på Firda vidaregåande skule. I Stryn fekk vi 6 timar med kvar av dei tre klassane på 10. trinnet. Det var ei positiv oppleving. Sameleis har undervisninga på Firda vgs vore svært inspirerende. **Elevane har gått inn for dansinga med liv og lyst, og vi må prøve å få til nokre dansekvevdar (t d ein gong i månaden) i aulaen for dei som vil praktisere vidare. Der er rikeleg spelemannslag i Gloppen som kan trå til»**

Sogn vil rekruttere til eit folkedanse miljø i Luster spel- og dansarlag og Sogn spel- og dansarlag. I Luster har spel- og dansarlaget øvingar kvar veke. Dei satsar på å invitere skuleelevane til ordinære danseøvingar for å rekruttere til hovudlaget.

Johannes Kjos skriv i 2024 Folkedansespor-rapporten sin:

«Først vil eg takka leiinga ved Luster ungdomsskule for den positive mottakelsen me har fått. Elevane har vore veldig lærevillige og fokuserte, dei har oppført seg eksemplarisk. Når dei møter meg utanfor skuletid tek dei kontakt og av og til tek me nokre dansetrinn □ ðei spør og om me skal ha meir dans i skulen.

Me har og vore invitert til foreldrekveld der elevane fekk visa litt dans, etter det hadde me litt undervisning med foreldra der kvar elev dansa med dei. Dette var svært positivt og mange blide ansikt.

Me hadde laga til ein brosjyre som omhandla runddans og folkedans som me delte ut under ei felles samling til slutt på arrangementet.

Har og laga ein liten video som er sendt til skulen, noko me tenkjer dei kan visa i musikktime og ellers i undervisninga.

Videoen visar dans og spel frå Landsfestivalar og kappleikar.

Eg har sagt meg villig til å komma på besøk til skulen og forklara litt rundt videoen saman med elevar og lærarar.

Me har tilbydt elevane i 9 kl om å vera med på Sogn og Fjordanekappleiken i mars, men har sett som krav at dei må bli med Lystringen eit par danseøker. Håpar me lukkast med det.

Har planar om å få til litt undervisning i april og mai dersom skulen har anledning å setja av tid til det.

Helene Myklemyr Bolstad har vore ansvarleg for musikken.
Medhjelparar har vore : Eldbjørg og Arne Fossøy og Øygun Kjos»

Sogn spel- og dansarlag har øvingar på Sogn folkemuseum og ønskjar å etablere danseøvingar der og eit eige folkedansmiljø for born og unge knytta til museet. Dei samarbeider med Sogndal kulturskule.

Sunnfjord inviterer til dansekurs/-samlingar gjennom året, første gong i januar/februar 2025. Laga her er Gaular spelmannslag, Indre Sunnfjord spelmannslag og Naustedalen spelmannslag


Desse laga har også godt etablerte samarbeidforhold med:

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival sin Bornas verdsgag og sjølv festivaldagane og **Kulturnatta i Førde**.

Dette er fantastiske arena der danseelevane deltek og viser dansekunstar og får fine fellesskapsopplevingar i eit fleirkulturelt miljø.

Folkedansespor sponsa i år kurs i folkedans med instruktør Mari Andrea Ness og speleperson Britt Pernille Frøholm for born og vaksne i flott norsk folkemusikk/-danse fleirkulturell harmoni.

Vi arbeider aktivt for at etablerte prosjekt som **Unglåt og Tøft** får auka deltaking. Desse prosjekta er fine og naturlege arena for unge folkedansrekrutter frå heile Sogn og Fjordane.



Sogn og Fjordane folkemusikklag lyste difor ut TØFT-midlar no før jul-24 der vi inviterer lag og organisasjonar til samarbeid og som det står i utlysingsteksten:

« oppmodar lokallaga til å samarbeide med desse prosjektskulane når de arrangerar TØFT-samlingar ved ev. å sende invitasjonar dit eller ta direkte kontakt for å invitere med dei elevane som no har fått eit visst kjennskap til bygde- og runddansen i Folkedansesporprosjektet.

Vi oppmodar også laga til å samarbeide med kvarandre og kulturskulane for kreativ samhandling og slagkraft med fokus på viktig rekrutteringsarbeid»

KORT EVALUERING MED AMBISJONAR FOR FRAMTIDA

Sogn og Fjordane folkemusikklag ser fin framgang i Folkedansesporprosjektet og opplever å vere i rett prosess og på rett veg.

Prosjektet har fått fin og god mottaking av skulane v/ rektor og lærarar der nokre også er interesserte i oppfølging framover for dei same elevane men også for nye.

Skulane med elevane og lærarane var stort sett positive til folkedansen.

Nokre av lærarane uttrykt at dette var eit etterlengta og kvalitetsmessig godt tiltak:

«Vi hadde aldri sjølve kunne gjort dette, vi har ikkje kunnskapen. Dette var veldig bra. No kan faktisk eg og danse springar: Utruleg !»

Dei fleste elevane la for dagen glede, interesse og til og med entusiasme. Andre derimot synte med både handling og ord at dette ikkje var noko for dei.

Nye skular er og vil bli inviterte inn i prosjektet.

Vi har auka satsinga der interessa er størst men i god spredning i regionen.

Vi har og til dels fått media med på laget, viser her til vedlagde artikkel i Firda Tidend, der særleg leiaren viser god forståing for prosjektet vårt.

Prosjektet held på ambisjonane for framtida:

Vi jobbar for å revitalisere folkedansmiljøet og spel- og dansarlag inn i all framtid ved å:

- jobbe fram eigne instruktørkorps av yngre folkedansarar som både kan rekruttere nye folkedansarar, skape inspirerende dansemiljø i kvar bygd og bli aktive organisasjonsfolk som kan drifte laga framover.
- jobbe for å etablere ambulerande danseinstruktørar til dansearbeid i skulane, gjerne knytta til kulturskulane. Påtrykk mot politikarane i kommunane våre.
- jobbe for at prosjekta UNGLÅT og TØFT skal nå auka popularitet slik at ungdom strøymmer saman i folkedansen og musikken.
- vere opne for at ungdommane sjølve er kreative og kan etablere eigne tiltak og slik få eigarskap til aktiviteten /arrangementet.

Folkedansesporprosjektet takkar alle gode bidragsytarar for prosjektmidlar fått og ser fram til ytterlegare samarbeid i åra framover.

Vi takkar og alle aktive aktørar i prosjektet og håpar på vidare innsats i rekrutteringsarbeidet i folkedansen si ånd. Vi treng alle gode krefter !!!

Med venleg helsing

Kirsten Johanne Friis,

Prosjektleder og styremedlem i Sogn og Fjordane folkemusikklag